


# Kursprogram 2025

Bygningsvern og tradisjonshandverk



# VÅREN 2025

Snu om for å sjå haustprogrammet!



## Restaurering av vindaug

Praktisk kurs over tre kveldar der me vøler gamle vindaug med kittfals. Deltakarar kan ta med sitt eige vindaug for å restaurere dette på kurset. Om du ikkje har eiga vindaug har me fleire du kan øve på. Det blir også eit kort føredrag om stilhistorie.

Kurshaldarar: Kjell Gunnar Haraldseid, Mark Laurensen, Simen Bie Malde

Pris: 2 500,- inkludert kursmateriale og kaffi/kaffimat.

**Onsdag 15. , 22. og 29. januar kl. 17:00-21:00**  
**Sand, Suldal**

# Produksjon av varevindauge

Praktisk kurs der me lagar nye varevindauge til utbetring av varmetap i gamle vindauge. Deltakarar kan ta med eigen karm for å få laga varevindauge til desse. Det blir også teori og gjennomgang av ulike løysingar. Deltakarar må ha grunnleggande kjennskap til snikkararbeid.

Kurshaldar: Ellev Steinsli

Pris: 2 500,- inkludert kursmateriale og lunsj.

**Tysdag 18. - fredag 21. februar kl. 09:00-15:00**

**Snikkerbuå, Tau**



# Skoging og saging

Me drar på skogen for å læra å lese trea og finne rett virke til rett bruk. Felling med øks og svans. Etterpå blir det samling på saga for å lære om ulike sagmønstre, materialkvalitet og utnytting av stokken.

Kurshaldarar: Jon Bojer Godal og Steinar Moldal

Pris: 2 500,- inkludert lunsj.

**Tysdag 4. - torsdag 6. mars (dag- og kveldstid)**

**Suldal**

# HAUSTEN 2025

**Snu om for å sjå vårprogrammet!**

## Komposisjonsmåling

Komposisjonsmåling er ein billeg og miljøvennleg måling som ein tidlegare brukte på bygningar med uhøvla kledning. Gjennom dette praktiske kurset skal me lage eigen måling frå botn og måle eit hus med denne målinga. For huseigarar og andre interesserte.

Kurshaldar: Tor Meusburger  
Pris: 200,- inkludert lunsj.

**August (1 dag, dato kjem)  
Viga, Hjelmeland**

## Tekking med villheller

Praktisk kurs i tekking med villheller, ein lokal byggjeskikk me finn mykje av i Hjelmeland. Kurset går føre seg i museumstunet Viga. Kurset er meint for handverkarar eller privatpersonar som skal vøle egne tak.

Kurshaldarar: Handverkarar på Ryfylkemuseet  
Pris: 2 500,- inkludert lunsj.

**September (3 dagar dagtid, dato kjem)  
Viga, Hjelmeland**

## Informasjonskveld

Informasjonskveld om aktuelle støtteordningar til verneverdige bygningar. Det blir også gjennomgang av korleis ein kan gå fram for å hente fram informasjon om sin eigen bygning frå ulike kjelder, og praktiske råd om restaureringsprosessar. For huseigarar, handverkarar, sakshandsamarar og andre interesserte.

Kurshaldarar: Grete Holmboe, Simen Bie Malde, representantar frå støtteordningar  
Gratis arrangement.

**2. oktober kl. 16:30-20:00  
Spinneriet, Hjelmeland**



## Smedsamling

Lik du å smi? Då bør du komme på smedamlingane på Sand eller på Heia. Det blir gitt noko instruksjon, men målet er å øve praktisk å lære av kvarandre.

Pris: 300,- (medlem av FMF/ungdom), 500,- for andre.

**Onsdag 15. oktober kl. 09:00-17:00**  
**Sand, Suldal**

**Laurdag 18. oktober kl. 09:00-17:00**  
**Heia, Strand**



## Lage vindauge med kittfals

Praktisk kurs der me lager nye vindauge med kittfals i empirestil. Førebilete er vindauga til skulehuset på Jelsa. Deltakarar må ha grunnleggande kjennskap til snikkararbeid.

Kurshaldarar: Sven Hoftun og Mark Laurensen  
Pris: 2 500,- inkludert kursmateriale og lunsj.

**Måndag 3. - fredag 7. november kl. 09:00-15:00**  
**Sand, Suldal**

Med atterhald om endringar i prorammet.

Sjå **ryfylkemuseet.no** eller **fortidsminneforeninga.no** for fullstendig program og påmeldingsfrist.

Meir informasjon blir lagt ut på heimesidene til Ryfylkemuseet og Fortidsminneforeninga så snart detaljar er klare.

Påmelding gjerast via e-post til **byggningsvernsenter@ryfylkemuseet.no**

Påmelding er bindande etter påmeldingsfrist viss ikkje anna er oppgitt. Full betaling krevst sjølv utan oppmøte.

Kursprogrammet er eit samarbeid mellom Ryfylke byggningsvernsenter og Fortidsminneforeninga. Programmet er støtta av Rogaland fylkeskommune.

Foto: Fotograf Elisabeth Bjørkhaug, Suldal Foto, Lise Bjelland, Ryfylkemuseet, Fortidsminneforeninga

